



Dato: 27.10.2014
Arkivsak 14/00024
Dokumentnummer: 14/00024-001
Arkivkode: 002.0
Saksbehandler: Gerhard August Hansen

Saksnr	Sak	Møtedato
001/14	Staten og Den norske kyrkja - høyringsfråsegn 2014	29.10.2014

Saksfremstilling

Kulturdept har sendt høyringsnotat til ulike organ i samband med at staten skal avvikle sitt forvaltarskap som kyrkjeleg styre for Den norske kyrkja (DnK). Dette medfører at arbeidsgjevaransvar overflyttast til kyrkja som og vert eige rettssubjekt.

Os sokneråd er invitert til å gje fråsegn og kyrkjeverja gjer framlegg om slik fråsegn:

Os sokneråd takkar for å få høve til å gje fråsegn til høyringsnotatet: «Staten og den norske kyrkje – et tydelig skille». Denne høyringsfråsegna tek ikkje for seg alle kapittel i notatet; vi vil gje kommentar til nokre punkt vi meiner er viktige.

Kyrkjemøtet vedtok i 2013

1. Kirkemøtet ber regjering og Storting om at det så raskt som mulig etableres et nasjonalt rettssubjekt for Den norske kirke.
2. Kirkemøtet ber regjering og Storting om at virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestatjenesten overdras til dette rettssubjektet. De sentrale og regionale kirkelige organer overføres slik at disse ikke lenger er statlige forvaltningsorganer.
3. Kirkemøtet understreker at overføringen av virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestatjenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikke endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsettingen i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en fremtidig kirkeordning.
4. Kirkemøtet forutsetter at det som et neste skritt vedtas en kortfattet rammelov for Den norske kirke. Kirkemøtet ber Kirkerådet fortsette arbeidet med en fremtidig kirkeordning som Kirkemøtet kan vedta når denne loven er vedtatt. Som ledd i prosessen bes Kirkerådet om så snart som mulig å forberede en sak til Kirkemøtet som gir anledning til å fatte vedtak om grunnleggende veivalg. Kirkemøtet er opptatt av at forståelsen av soknet som grunnenhet blir ivaretatt i arbeidet med en fremtidig kirkeordning.

Departementet si oppfølging av kyrkjemøtet sitt vedtak fortener honnør.

Dokumentet har ei god drøfting omkring kyrkja som rettssubjekt og sentrale spørsmål omkring dei statleg kyrkjelege tilsette sine framtidige rammevilkår som tilsette.

Oss okneråd vil særleg streka under pkt 3 i kyrkjemøtevedtaket og derfor er det viktig at det i denne fasen av nyorgansiering av DnK ikkje legg føringar som seinare vanskeleggjer at DnK kan ha ein felles arbeidsgjevar og ikkje i framtida må ha



DEN NORSKE KIRKE

Os sokneråd

todeling som no. Det overordna mål må framleis vere å ha ei ordning med ein arbeidsgjevar i DnK.

DnK som rettssubjekt

DnK skal etablerast som eige rettssubjekt og alle kyrkjelege tilsette som no har staten som arbeidsgjevar skal ha DnK som arbeidsgjevar med dei pliktar og rettar det gjev for DnK. Os sokneråd slutter seg til dept sitt framlegg her.

Vi slutter oss og til forståing om at det er Kyrkjemøtet som må opptre på vegne av det nye rettssubjektet. Kyrkjemøtet må kunne delegere fullmakt på ulike områder til nasjonale og regionale organ.

Soknet sine rettar

Høringsnotatet strekar under at denne reformen ikkje skal endre soknet som sjølvstendig juridisk eining. Dette vil ikkje endre soknet sine oppgåver og ansvarsområder. Dei lokalt folkevalde vil ha mynde og ansvar som no. Men dette setter og ei avgrensing for å drøfte og evt prøve ut nye ordningar der soknet får større ansvar og høve til å prøve ut nye modeller; t.d. med felles arbeidsgjevaransvar for prestar og andre fellesrådstilsette.

Os sokneråd vil og syne til refleksjonsprosessen i 2012 der det kom fram at eit overveldande fleirtall ønskjer felles arbeidsgjevaransvar på fellesråd/prostinivå. Høringsnotatet er lite konkret omkring desse spørsmål. Os sokneråd støtter framlegget om at det skal vere prest til kvart sokn. Korleis kyrkja e^lts skal organisere seg må Kyrkjemøte ha mynde til og det bør såleis ikkje lovfesta strukturer med prosteteneste slik det er i dag. Om kyrkjemøte finn det tenleg med prosti og prostar framover vert kyrkja si eiga vurdering og val.

Om prestane og prestetenesta

Det er positivt at ein gjer framlegg om at det nedfellast i ny kyrkelov at soknet har rett til ein prest; fram til no har dette vore eit underliggende vilkår. Os sokneråd støtter denne presiseringa. Samstundes etterlyser Os sokneråd ein tydeleg forplikting som sikrar trosopplæring for alle døypte.

Høringsnotatet har eit naturleg fokus på prestane og deira teneste og det synast godt gjennomdrøfta ulike sider ved verksemdoverdraging frå stat til DnK. Det er viktig at denne verksemdoverdraginga skjer på ein god måte; samstundes bør dette vere ei mindre utfordring enn da alle dei fellesrådstilsette i 1997 vart overført frå kommune til like mange fellesråd; denne arbeidsstokken var fleire gonger så stor som dei som no er statleg tilsett.



DEN NORSKE KIRKE

Os sokneråd

Høyringsnotatet drøfter særleg prestane si uavhengige rolle og funksjon og det vert samanlikna med andre stillingar som er uavhengige; jfr leger og andre profesjonar innan helse, universitet m.m. Prestane har gjennom sin ordinasjon gjeve personleg løfte for «liv og levnad» og skal forvalte Ord og sakrament. Deira sjølvstendige stilling må likevel ikkje vere til hinder for at dei skal forpliktast til samarbeid og samhandling med andre kyrkjelege tilsette, folkevalde og frivillige.

Økonomi

Høyringsdokumentet legg til grunn gjeldande finansieringsmodell der sta og kommune har ansvar. Statens bidrag skal samlast i eit rammetilskot (ca 1,9 milliard) som Kyrkjemøtet skal disponere. Av dette er ca 1,3 knytt til prestetenesta. Finansiering av trosopplæring bør og presiserast slik at dette viktige tiltaket er sikra vidare fram.

I samband med overføring av sokneråd/fellesråd frå kommunane til eige rettssubjekt (fellesråd) i 1997 vart det etablert ulike tenesteytingsavtaler. Mange av desse fanga opp ulike tenester og ressursar som kommunane hadde og som heilt el delvis vart stilt til rådvelde for fellesråda. Det er rimeleg å tru at tilsvarande «skjulte» tenester og er i ulike statlege verksemder og desse må det takast høgd for slik at slike ressursar og vert overført til DnK (t.d. økonomiforvaltning/rekneskapsføring, juridisk kompetanse, personalkunnskap/pensjonskunnskap, kunnskap om beredskapsarbeid, osv.).

Os sokneråd vil peike på at det tek tid å byggje opp naudsynt organisasjon og kompetanse til å etablere ein god forvaltning og det må derfor gjevast løyvingar slik at dette arbeidet kan starte opp tidsnok til overføring skal gjennomførast.

Os sokneråd stiller seg undrande til at DnK skal ha avgrensa høve til låneopptak. Det stiller DnK i ein annan situasjon enn andre trus- og livssynssamfunn og truleg mindre handlingsrom. Eller er det staten si rolle at kyrkja skal ha så gode økonomiske rammevilkår at lånebehov ikkje vil vere naturleg ?

Forslag til vedtak

Os sokneråd sluttar seg til høyringsfråsegna

Møtebehandling

Soknerådet peikte på nokre utsegn som administrativt kunne justerast for å vere tydelegare.

Vedtak

Os sokneråd sluttar seg til høyringsfråsegna.